

**Fra:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

**Sendt:** 31.08.2023 12:52:37

**Til:** siril.wiik@gmail.com

**Emne:** Utsett frist for spreiring av gjødsel til 10.09.23

---

Hei

Du har på telefon 31.08.23 bede om utsett frist for å kjøra ut om lag 100 m<sup>3</sup> med gylle. Årsaka er dårleg ver dei siste to månadane har gjort det uråd å koma ut på bøen.

*Utsett frist for spreiring av husdyrgjødsel*

På grunn av dei vanskelege verforholda denne sommaren og forsinka håslått får du utsett frist til 10. september med å kjøra ut gjødsel.

Om hausten er fare for avrenning større enn vanleg. Ver obs på at styrtregn kan vaska møka ut i vassdrag og de må difor ta ekstra omsyn i nærleiken av elvar og vassdrag. Me rår til at de ikkje gjødsler nærare 6 meter frå vassdrag. Det vil vera ein fordel at møka vert spreidd så tynt som råd.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/45375229

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE